

RETNINGSLINJER FOR STØTTE TIL KULTURARBEID I KLEPP KOMMUNE

Innhald

- 1.0** Generelt
- 2.0** Driftstilskot til kultur- og fritidsaktivitetar
- 3.0** Tilskot til investeringar i kulturanlegg
- 4.0** Tilskot til andre kulturføremål
- 5.0** Tilskot til følgjeperson på tur for personar med nedsatt funksjonsevne
- 6.0** Følgjekort/ledsagerbevis – for personar med nedsatt funksjonevne
- 7.0** Utstyr og materialer til leikeområder
- 8.0** Tilskot til verneverdige bygningar
- 9.0** Kulturpris
- 10.0** Frivilligpris
- 11.0** Kulturstipend
- 12.0** Idrettsstipend
- 13.0** Pris for god byggjeskikk
- 14.0** Kommunal påskjønning – kulturprestasjonar

1.0 GENERELT

1.1 SØKNAD OM TILSKOT

Etter søknad kan det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker yte støtte til lag, grupper, institusjonar og enkelpersonar som driv, eller vil starte kulturverksemd i Klepp kommune, og til personar busette i Klepp.

1.2 SØKNAD FRÅ LAG OG GRUPPER

Hovudlag søker om tilskot for heile laget. Når laget har fleire underavdelingar/ grupper, skal søknad om driftstilskot sendast samla for heile verksemda. Innan verksemder der fleire organisasjonar held til i same hus, skal dei gruppene som er slutta til same organisasjon på same huset senda ein samla søknad.

Organisasjonar som rekrutterer medlemmar frå fleire kommunar, og som ikkje har rett på tilskot frå fylkeskommunen, kan løyvast tilskot dersom dei driv verksemder i kommunen. Eit lag kan ikkje registrerast eller motta tilskot frå fleire kommunar.

I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som skal rekna som hovudlag og undergrupper i forhold til søknaden.

1.3 .1 AKTIV MEDLEM - AKTIV BRUKAR

Aktive medlemmer, eller brukarar, definerer ein i denne samanheng som ein person som deltar i laget sine aktivitetar på det jamne, og minimum 6 gonger i året, anten som deltakar, instruktør eller leiar.

1.3.2 Ein person rekna som **eitt** medlem, sjølv om vedkomande er medlem i fleire undergrupper i same organisasjonen.

I utrekning av tilskot blir medlemmar/ brukarar rekna i 2 kategoriar:

1.3.3 **Kategori A:** Deltakarane oppfyller kriteria i pkt. 1.3.1 I tillegg betaler deltakarane årskontingent med minimum kr. 100 pr. medlem.

Kategori B: Deltakarane oppfyller kriteria i pkt. 1.3.1, men det blir ikkje stilt krav om betaling av kontingent.

1.3.4 I utrekninga av tilskot til eit lag, blir deltakarar i laget **antenn** rekna i kategori A eller kategori B. Eit lag kan ikkje føra opp medlemmer/ brukarar/ deltakarar i begge kategoriane.

Ved utrekning av tilskot skal lag normalt rekna i den kategorien som tilskotsmessig gjer best uttelling for laget.

1.4 AKTIVITET

Aktivitet er her definert som møter, trening/øving, arrangement, dugnad, styre- og komitéarbeid.

1.5. KRAV TIL VERKSEMD OG ORGANISERING

1.5.1 Lag som kan få tilskot må:

- a. vera demokratisk oppbygde med eige styre
- b. vera opne for at alle kan bli medlemmer
- c. drive verksemda kontinuerleg
- d. ha minst 10 aktive medlemmer

1.5.2 Unnateke frå støtte er:

- a. Lag som primært tek i vare medlemmene sine økonomiske yrkes- eller helsemessige interesser.
- b. Kommersielle tiltak.
- c. Politiske parti og deira ungdomsorganisasjonar.
- d. Politiske aksjonar.
- e. Bedriftsidrettslag og andre bedriftslag.
- f. Organisasjonar som har innsamling eller humanitært hjelpearbeid som hovudfunksjon.
- g. Organisasjonar som har eit helse- eller sosialt arbeid som hovudfunksjon

1.5.3 Akseptera følgjekort

Alle som mottar tilskot frå kommunen etter desse retningslinjene, har plikt til å akseptera følgjekort (ledsagerbevis), dvs. gratis adgang for følgjeperson til person med nedsatt funksjonsevne som viser fram følgjekort (ledsagerbevis)

1.6 TILSKOTSTYPAR

1.6.1 Kva kan ein søkje tilskot til ?

Ein kan søkje om:

- ulike aktivitets- og driftstilskot
- tilskot til nyanlegg og modernisering/ ombygging av kulturanlegg.

1.7 SAKSHANDSAMING

1.7.1 Søknad

Søknad skal sendast til kommunen. Søknad må vera komen inn i rett tid. Der det er utarbeidd eigne søknadsskjema skal desse brukast når ein søker.

1.7.2 Skjønn

Det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker kan i særskilde tilfelle vike frå hovudreglane og bruke skjønn dersom retningslinjene gjev urimelige utslag.

1.7.3 Klagerett

Frist for klage er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Klage skal sendast kommunen.

1.7.4 Årlege utbetalingar er avgrensa til løyvingane i budsjettet.

1.8 GARANTI MOT MISBRUK

1.8.1 Kontroll

Det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker kan krevja utdrag av rekneskap som viser korleis midlane er nytta, og har rett til å utføra kontroll.

Rekneskap skal underskrivast av minst to personar i laget.

Kommunen *kan ved behov* krevje at lag eller prosjekt som mottar tilskot skal levera rekneskap som er revidert av autorisert revisor. Alle bilag skal oppbevarast i samsvar med rekneskapslova eller minst eitt år etter at rekneskapen er innsendt. Rekneskapen skal kunne framvisast dersom Klepp kommune krev det.

1.8.2 Brot på føresetnader for tilskot

Dersom eit lag, gruppe, institusjon, eller person bryt føresetnadene etter desse retningslinjene, taper ein retten innanfor ramma av denne stønadsordninga i for ein kortare eller lengre periode.

2.0 DRIFTSTILSKOT TIL KULTUR- OG FRITIDSAKTIVITETAR

2.1.1 Kven kan søkje

Lag og grupper som oppfyller vilkåra i pkt. 1.5 og som driv kulturaktivitet, kan søkje om driftstilskot. Ein kan gjere unntak frå desse generelle reglane for grupper/lag som gjer spesiell innsats på områder av særleg verdi.

Dei viktigaste kriteria for tildeling av tilskot er talet på aktive, alder, omfanget av aktiviteten og kontingent. Tilskot blir som hovudregel fordelt matematisk etter utrekningsgrunnlaget i pkt. 2.1.6.

2.1.2 Søknadsfrist

Søknadsfrist for driftstilskot er 1. mars. Nye lag kan heile året søkje om starttilskot når laget har vore i drift i minst 3 månader (Sjå pkt. 2.3)

2.1.3 Krav til søknad

I søknaden om driftstilskot skal følgjande vera med:

- Namn og kontaktinformasjon til leiar og kasserar
- Kontonummer
- Opplysningar om nettside e.a.
- Medlemstal/ brukartal
- Aktivitetsfrekvens
- Alder, medlemmar/ brukarar
- Opplysningar om kontingent
- Årsmelding
- Rekneskap
- Opplysningar om det er søkt om tilskot frå andre instansar
- Organisering/ Organisasjonstilstslutning

Kommunen kan ved ved behov krevje at lag som søker om tilskot kan leggja fram medlemslister med fødselsår.

2.1.5 Utrekning av tilskot

Kommunestyret fastset i budsjettvedtaket kor mykje som skal fordelast i driftstilskot til idrettslag, song/musikkorganisasjonar, barne- og ungdomslag og vaksne lag. Driftstilskot blir fordelt innan desse gruppene etter fastsett fordelingsnøkkel eller talfaktor. Inntil 20% av tilskot lagsarbeid kan fordelast etter skjønn.

Driftstilskotet skal normalt ikkje overstige 50% av driftsutgiftene for organisasjonen. Som driftsutgifter blir rekna utgifter laget har til drift av eigen aktivitet. Gåver til veldedige eller andre føremål kan ikkje reknast som

driftsutgifter. (Jfr. pkt. 1.5.2.f.) Utgifter til kjøp av varer for vidaresal blir heller ikke rekna som driftsutgifter.

Idrettslag som ikke deltek i konkurranseidrett/seriesystemet (mosjonsgrupper, KRIK osv) bli rekna som særidrettslag.

2.1.6.1 Utrekningsgrunnlag

Tilskot i forhold til medlemstal og alder blir rekna ut frå følgjande vekttal:

	0-13 år		14-25 år		Over 25	
	Kategori A (jfr. Pkt. 1.3.3)	Kategori B (jfr. Pkt. 1.3.3)	Kategori A (jfr. Pkt. 1.3.3)	Kategori B (jfr. Pkt. 1.3.3)	Kategori A (jfr. Pkt. 1.3.3)	Kategori B (jfr. Pkt. 1.3.3)
Barn og ungdom						
Søndagsskular	1	1				
Barnelag	1,8	1				
Tenåring/ ungdomslag			3,3	2,2		
Idrett						
Sær-idrettslag	2,9	1,8	2,9	1,8		
Fleir-idrettslag	2,9	1,8	3,2	2,0		
Song og musikk						
Kor	1,4	0,7	1,4	0,7		
Korps	2,0	1	2,0	1		
Andre musikklag	1,6	1,6	1,6	1,6		
Vaksne lag						
Vaksne					0,3	0,0

I utrekninga av tilskot til eit lag, blir deltakarar i laget anten rekna i kategorien *aktive med kontingent* eller i kategorien *aktive utan kontingent*.

Lag kan ikke føra opp medlemmer/ brukarar/ deltakarar i begge kategoriar

2.1.6.2 Tilskot i forhold til aktivitet blir rekna slik:

Trening/øving/møte meir enn ein gong i veka	1.2
Trening/øving/møte 1 gong i veka	1.0
Trening/øving/møte 1 gong annakvar veke	0.8
Trening/øving/møte 1 gong i månaden	0,6
Trening/øving/møte sjeldnare	0,4

2.1.7 Tilskot dirigent/ instruktør

For kor og korps kan 1/4 av dei budsjetterte midlane til musikkorganisasjonane fordelast etter utgifter laget har hatt til dirigent/ instruktør. Regelen gjeld ikkje for grupper som får dekka utgifter til dirigent over andre kommunale postar.

2.1.8 Tilskot eliteidrett

Kommunen kan kvart år øyremerka eigne tilskot til eliteidrett til idrettslag som er registrert i Klepp kommune.

For lagidrett er eliteidrett å forstå som deltaking i øvste divisjon i serie-systemet, og for individuelle idrettar som deltaking på nasjonalt toppnivå i seniorklasse.

Tildeling til eliteidrett blir vurdert etter skjønn. Viktige kriterier for tildeling kan vera: talet på eliteutøvarar i laget, kostnad/profesjonalitet, kva betydning laget/utøvar(ar) har for lokalmiljøet m.m.

Idrettslaget som søker må vera tilslutta ein landsomfattande idrettsleg organisasjon.

Før sak om tildeling blir avgjort, blir Klepp idrettsråd gitt høve til å uttale seg om framlegget til fordeling.

2.1.9 Vedtak om tildeling

- Etter innstilling frå kommuneadministrasjonen avgjer Klepp idrettsråd følgjande tildeling: Driftstilskot idrettslag, vedlikehald av idrettsanlegg og tilskot til private hallar.
- Andre paraplyorganisasjonar kan få delegert ansvar for fordelinga av driftstilskot, dersom slike organ blir oppretta
- Rådmannen avgjer søknader om driftstilskot frå andre lag.

2.2 TILSKOT TIL DRIFT AV ANLEGG

2.2.1 Grunnlag for tilskot

Tilskot til drift av anlegg blir vurdert på grunnlag av rekneskap.

2.3 STARTTILSKOT

2.3.1 Kven kan søkje?

Nye lag og grupper som har vore i drift i minimum 3 månader, kan søkje om starttilskot. Søknad om tilskot til oppstart kan sendast heile året. For at ei gruppe skal vera aktuell for starttilskot, må gruppa driva eigen aktivitet, ha eige styre og rekneskap.

Laget kan ikkje søkja om driftstilskot same året som dei mottar starttilskot, og heller ikkje dersom laget har mottatt starttilskot etter 1. oktober året før.

2.3.2 Vilkår

For å få starttilskot må laget ha minst 10 aktive medlemmer. Minimum 50% av medlemmane i laget må vera busette i Klepp.

Det kan bli gitt tilskot til ny oppstart av lag etter to års driftsstans.

3.0 TILSKOT TIL INVESTERINGAR I KULTURANLEGG

3.1 Kven kan søkje?

Frivillige lag, andelslag m.v. som driv kulturarbeid i Klepp.

3.2 Føremål

Tilskot kan ein gje til alle typar kulturanlegg, både til nyanlegg og modernisering av eldre anlegg.

Det er ein føresetnad for tilskot at alle *opne arrangement* i eller på anlegget der barn og unge under 18 år deltar, skal vera alkoholfrie

Anlegg som kan nyttast til fleire kulturaktivitetar, såkalla fleirbruksanlegg, skal prioriterast.

3.3 Søknadsfrist m.v.

Søknadsfristen for tilskot til investeringar i kulturanlegg (inkludert utstyr) er 1. oktober.

For tiltak/anlegg med kostnadsramme ut over kr. 100.000, må søknad sendast og behandlast før arbeidet blir sett i gang.

For tiltak/ anlegg under kr 100.000 må arbeidet vera igangsatt/ utstyret kjøpt inn i løpet av dei 12 siste månadane.

Arbeid som er igangsatt/ utstyr som er kjøpt inn før godkjenning kan ikkje automatisk rekna med tilskot

3.4 Føresetnad for tilskot

Tilskot til investeringar i kulturanlegg er avgrensa til føremål som er naudsynte for laget sin primæraktivitet.

3.5 Bygg og anlegg

- a. Kommunen gjev til vanleg ikkje tilskot til kjøp av tomt. I dei tilfelle der kommunen sjølv stiller tomt vederlagsfritt til rådvelde, skal kommunen stå som eigar av grunnen, men leigetida skal vera på minst 40 år.

Når laget sjølv leiger grunn til anlegget, skal leigetida normalt vera minimum 20 år. Kommunen kan dispensera frå denne regelen når særlege grunnar taler for det.

- b.** Det kommunale tilskotet er avgrensa til 1/3 av anleggs-kostnadene, dognadsarbeid irekna.

Anleggstiltak der dei faktiske utlegga for laga er mindre enn kr. 10.000 kjem ikkje inn under denne ordninga.

Det blir gitt tilskot til bedehus/religiøse organisasjonar som driv samfunnsbyggjande arbeid, og arbeid for born og unge. Tilskotet er på 20% av kostnader eks. moms, med ei maksimal utbetaling på kr 4 millionar til nybygg. Denne praksisen gjeld for prosjekt på over 1,5 millionar kroner. For prosjekt under denne summen opprettheld ein praksisen med 33% tilskot.¹

Tilskot gjeld laget sine kostnadar *utan* moms. Retningslinjene vart endra på dette punktet f.o.m. 2012.²

- c.** Verdien av dognadsarbeid blir rekna ut frå den timesats for dognadsarbeid som til ei kvar tid gjeld i spelemiddelreglementet.
- d.** Storleiken på tilskotet blir vedtatt i kvart enkelt tilfelle. Tilsagn om tilskot blir gitt på grunnlag av kostnadsoverslag, finansieringsplan, og godkjende planar. Siste del av tilskotet kan ikkje utbetalast før rekneskap for bygget/ anlegget ligg føre. Tidspunkt for utbetaling blir vurdert ut frå aktuell budsjett-situasjon.
- e.** Det skal i vedtaket visast plan for utbetaling, dvs. korleis kommunen vurderer tidspunkt for mogleg utbetaling av tilskotet til søker.
- f. Fristar for iverksetjing**
Når det blir gitt tilsagn om tilskot til inventar/ utstyr er fristen for å sende rekneskap 1 år frå den dato den vedtaket blir fatta.

Når det blir gitt tilsagn om tilskot til nyanlegg/ investeringar i kulturanlegg er fristen for oppstart av arbeidet 2 år frå den dato den vedtaket blir fatta.
Fristen for sluttføring av denne type prosjekt er 5 år frå vedtaksdato.

- g.** Det politiske utvalget som har ansvar for kultursaker kan fråvike desse reglane dersom særlege grunnar taler for det
- h.** Viss anlegg blir selt utan at midlane blir overførte til tilsvarande anlegg i Klepp, kan kommunen krevja tilbakebetaling av delar av tilskotet.
- i.** Søknaden må innehalde:
- Teikning og forklaring av anlegget
 - Opplysningar om eigarforhold og brukargrupper
 - Kostnadsoverslag
 - Finansieringsplan

¹ Vedteke i kommunestyret 18.06.18, arkivsak 18/179.

² Arkivsak 223 D (2011).

Andre opplysningar framgår av søknadsskjema

3.6 Inventar og utstyr i bygg eller anlegg

a. Nybygg

Ved søknad om tilskot til nybygg, kan ein ta med i kostnadsoverslaget fast inventar som er naudsynt for primæraktiviteten i laget.

b. Inventar og utstyr til bygg og anlegg

Kommunen kan yte tilskot til inventar og utstyr til nye bygg eller anlegg. Utstyr som får tilskot skal til vanleg vera eigd av det lokalet eller anlegget der aktiviteten går føre seg.

c. For inventar og utstyr som skissert i punkt a og b kan kommunen gi tilskot med inntil 1/3 av kostnadene.

3.7 Tilskot til aktivitetsutstyr

Kommunen kan yte tilskot til innkjøp av utstyr som ikkje er knytt til bestemte bygg eller anlegg. Det blir berre gitt tilskot til aktivitetsutstyr som:

- Er knytt direkte til laget sin primæraktivitet
- Kan forventast å ha ei levetid på minimum 10 år
- Har ein innkjøpsverdi på minimum kr. 10.000 pr. eining
Kommunen si støtte er avgrensa til maksimum 1/3 av innkjøpspris.

Kommunen har høve til å prioritera blant søknader, avslå søknader, eller setje vilkår om ein finn det turvande

Når eit lag som ikkje er knytt til eit lokalet eller anlegg blir oppløyst, skal kommunen vera med å godkjenne korleis utstyr som har fått tilskot skal nyttast vidare.

3.8 Utbetaling og fristar for gjennomføring

Nyanlegg

Frist for gjennomføring av planar for nyanlegg/ modernisering og innsending av rekneskap til kommunen framgår av pkt 3.5. e

Utstyr og inventar

Dersom utstyr/inventar ikkje er innkjøpt og rekneskap innsendt til kommunen i løpet av 6 månader etter at tilsagnet er gitt, fell tilsagnet bort.

Kommunale tilskot til utstyr/kulturanlegg må kvart år prioriterast innan den økonomiske ramma som er fastlagt i årsbudsjettet.

Dersom ein finn det turvande, har kommunen høve til å avslå søknader eller setje vilkår for tildelinga.

4.0 TILSKOT TIL ANDRE KULTURFØREMÅL

4.1 Mål

Kommunen kan gje støtte til kulturaktivitet som ikke blir dekka over andre tilskotspostar. Målet med ordninga er å stimulera til utprøving og igangsetting av ny kulturaktivitet, og gjennom dette utvikla kvalitet og mangfold i det samla kulturtildobet i kommunen og stimulera til at innbyggjarane skal kunne ta del i et bredt spekter av kulturaktivitet av høg kvalitet.

4.2 Søknadsfrist

Søknad om støtte kan sendast heile året. Tilskotet medfører rapport - og rekneskapsplikt.

Søknader skal innehalda følgjande:

- Skisse/ forklaring om arrangementet det blir søkt tilskot til
- Kostnadsoverslag/ budsjett som viser utgifter og inntekter/ finansiering
- Målgruppe for arrangementet
- Marknadsføring/ PR
- M.m.

4.3 Støtte til kulturføremål

Det kan bli gitt tilskot til, eller garanti mot underskot for spesielle arrangement, presentasjonar av kulturuttrykk, spesielle oppvekst/ nærmiljøtiltak og liknande. Arrangøren må søkja om tilsagn minimum 1 månad på førehand.

Kommunal støtte kan bli gitt som:

- Underskotsgaranti
- Direkte tilskot

Offentlege festar og arrangement som tek sikte på økonomisk vinning kan normalt ikke få tilskot

Tilskot blir utbetalt etter at rapport og rekneskap ligg føre.

5.0 TILSKOT TIL FØLGJEPERSON PÅ TUR FOR PERSONAR MED NEDSATT FUNKSJONSEVNE

5.1 Målsetting

Klepp kommune ønskjer å gje personar med nedsatt funksjonsevne høve til å realisera eigne ønskje om ferie og turaktivitet. Ferieturar skal så langt mogeleg basera seg på brukarane sine eigne ønskje og interesser, og ta i vare den einskilde sitt behov for variasjon, oppleving og avkopling.

5.2 Kven kan søkja

Personar med nedsatt funksjonsevne som gjer at dei er avhengige av følgje/ledsagar på tur.

5.3 Søknaden

Søknadsfristen er 1. mars.

Søknader som kjem inn etter fristen blir ikkje imøtekomne.

Med søknaden skal fylgja:

- Opplysningar om reisemål, tidspunkt og lengde på turen.
- Behov for støtte/ledsagar.
- Kostnadsoverslag.

Likningsattest kan i spesielle tilfelle krevjast framlagt.

5.4 Generelt

Kommunen kan etter konkret vurdering i kvart tilfelle dekkje utgifter til reise, opphold og løn til følgje/ ledsgarar på ferietur med personar med nedsatt funksjonsevne. Vidare kan ein gje tilskot til lag, organisasjonar m.v. som arrangerer turar der personar med nedsatt funksjonsevne deltek.

Brukarane dekkjer sjølv eigne utgifter til reise og opphold.

5.5 Vurdering av støtte

Støtte til ferietur skal ha ei individuell, skjønnsmessig behandling. Ved tildeling/støtte skal ein prioritere søkerarar som har særleg behov for forandring i sitt daglege miljø, og som har vanskar med å gjera noko med dette sjølv.

Følgjande forhold skal og vurderast:

1. Den enkelte sitt behov for støtte for at turen skal kunna gjennomførast på ein tilfredsstillande måte.
2. Lengde og reisemål for ferieturen i forhold til tidlegare turar.

3. Den einskilde sin økonomiske evne for sjølv å dekkje deler av utgiftene til følgje/ ledsagar.
4. Kostnad med turen vil bli vurdert i forhold til budsjetterte midlar, og øvrige søknader.

Ved organisering av ferieturar bør ein vurdera om ein kan samordne einskildturar slik at ein eller fleire følgjepersonar/ ledsagarar kan ta seg av meir enn ein brukar. Brukarane skal i slike tilfelle høyrast, og brukarane sine eigne interesser og synspunkt skal bli tillagt vekt.

5.6.1 Avgrensningar

Ordninga med støtte på ferietur gjeld for persona over 18 år med nedsatt funksjonsevne.

Det kan bli gitt støtte for barn og unge under denne alderen på kortare turar, leiarar m.m., viss særlege grunnar taler for det.

Ordninga gjeld ikkje for personar som har fått nedsatt funksjonsevne etter fylte 60 år.

- 5.6.2 Det blir normalt ikkje gitt støtte til følgjeperson frå nærmaste familie; ektefelle/ sambuar, foreldre til funksjonshemma born, søsken o.l.

Det kan dispenserast frå dette viss særlege grunnar taler for det.

5.7 Tilskotsordningar

Tilskot til ferietur for funksjonshemma kan bli gitt slik:

1. Privat organisert tur:

Ein kan gje tilskot til brukaren som sjølv har ansvar for å finna følgjeperson/ ledsagar. Kommunen har ikkje ansvar utover sjølve tildelinga av tilskot. Tilskot blir utbetalt etterskottsvis på bakgrunn av dokumenterte utgifter.

2. Tur arrangert av kommunen:

Kommunen tilset, løner og dekkjer utgifter til ledsagarar på planlagde turar etter nærmare avtale. Turar kan vera planlagde i både brukaren eller kommunen sin eigen regi. Kommunen har planleggjring-, gjennomføring- og samordningsansvar i samråd med brukarane.

3. Tur i regi av andre:

Kommunen gir tilskot til ein tredje instans, f.eks. lag, organisasjon, eller andre som arrangerer turar med brukarane som deltagarar. Tilskot blir utbetalt etterskottsvis på bakgrunn av framlagt rapport og rekneskap.

6.0 FØLGJEKORT/ LEDSAGERBEVIS – FOR PERSONAR MED NEDSATT FUNSKJONSEVNE

Personar med funksjonsnedsetjing, som har behov for følgje for å kunne delta på ulike kultur- og fritidarrangement kan, etter søknad, få utstedt følgjekort/ ledsagerbevis

Ordninga fungerer slik:

Eigaren av kortet betaler gjeldande billettpolis, mens følgjeperson/ ledsagar går gratis.

Ordninga er avgrensa til dei arrangement, kulturinstitusjonar m.m. som har akseptert ordninga med følgjekort/ ledsagarbevis.

Ordninga gjeld ikkje for personar som har fått nedsatt funksjonsevne etter fylte 60 år

7.0 UTSTYR OG MATERIALER TIL LEIKEOMRÅDE

7.1 Kven kan søkje?

Vellag eller grupper av bebuarar.

7.2 Søknadsfrist

Skriftleg søknad innan 1. april.

7.3 Prioritering

Vellag som har inngått samarbeidsavtale med kommunen om vedlikehald av leikeområder, blir prioritert ved opprustning, og ved tildeling av nytt utstyr, måling og materialer. I avtalen må vellaga forplikte seg til vedlikehald og tilsyn med leikeplassen samt årleg leggja fram utfylt sjekkliste for leikeområdet.

Ved tildeling vil dei aktuelle leikeplassane bli prioritert etter behov, og innan den økonomiske ramma i budsjettet.

7.4 Sand til sandkasser

Sand til sandkasser på leikeplassar blir levert ved behov etter førespurnad til kommunen.

8.0 TILSKOT TIL VERNEVERDIGE BYGNINGAR

- 8.1** Klepp kommune kan etter søknad gje tilskot til restaurering/rehabilitering av eldre bygningar som Klepp kommune vurderer som verneverdige.
- 8.2** Søknadsfrist for tilskot er 1.mars.
- 8.3** Føresetnaden for tilskot er at restaurering/rehabilitering blir gjort i samsvar med planar og kostnadsoverslag som på førehand er godkjent.
Det er ein føresetnad at det blir teke vare på antikvariske og arkitektoniske verdiar.
- 8.4** Storleiken på tilskotet blir vedteke i kvart einskild tilfelle, og blir vurdert etter evt. tilskot frå fylke og stat, og med utgangspunkt i vedteken økonomiplan.
- 8.5** Kommunen gjer endeleg vedtak om tilskot til verneverdige bygningar.
Bygningar som er restaurert/rehabilitert med slikt tilskot må for framtida haldast vedlike i samsvar med antikvariske og arkitektoniske verdiar.

9.0 KULTURPRIS

- 9.1** Kulturprisen kan delast ut kvart år, eller det politiske organet som har ansvar for kultursaker gjer vedtak om slik tildeling.
- 9.2** Prisen skal vera:
- eit diplom
 - ein statuett
- 9.3** Prisen kan delast ut til ein skildpersonar eller lag med tilknyting til Klepp som dei siste åra har markert seg på eitt eller fleire av desse områda:
- markert seg på ein positiv måte innan kunst, kultur og/eller organisasjonsarbeid
 - har skapt positiv merksemd om Klepp utanfor kommunegrensene
 - har gjort særleg og merkbar positiv innsats i nærmiljøet
- 9.4** Ordføraren står for overrekkinga av prisen.
- 9.5** Frist for å koma med framlegg om kandidater til kulturprisen er 1. oktober.
Informasjon om prisen og frist for å koma med framlegg blir annonsert seinast 3 veker før fristen går ut.
- 9.6** Det politiske organet som har ansvar for kultursaker avgjer tildeling av kulturprisen. Om ikkje anna taler for det, blir prisen delt ut på det kommunale nyttårsarrangementet.

10.0 FRIVILLIGPRIS

- 10.1** Frivilligprisen kan delast ut kvart år eller når styret for Klepp frivilligsentral gjer vedtak om slik tildeling.
- 10.2** Føremålet med prisen er å synleggjera frivillig arbeid i Klepp kommune og å inspirera til frivillig innsats.
- 10.3** Frivilligprisen kan delast ut til ein person, ei lokal foreining eller ei gruppe som har utmerka seg med frivillig, ubetalt innsats, engasjement, initiativ og pågangsmot til beste for enkelpersonar, grupper eller samfunnet.
- 10.4** Styret kunngjør ordninga med frivilligpris seinast 3 veker før fristen går ut. Frist for å koma med framlegg om kandidatar til frivilligprisen er 1. oktober.
- 10.5** Alle innbyggjarar i Klepp kan koma med framlegg om kandidatar til frivilligprisen.
- 10.6** Framlegg om kandidatur skal setjast fram skriftleg og grunngjevast.
- 10.7** Styret avgjer tildeling av frivilligpris og står fritt til å velje prismottakarar som ikkje er foreslått.
- 10.8** Frivilligprisen blir delt ut på ordføraren sitt nyttårstreff, 1 januar.
- 10.9** Frivilligprisen består av eit diplom og eit verk/ arbeid av ein lokal kunstnar.

11.0 KULTURSTIPEND

- 11.1** Klepp kommune kan kvart år dele ut kulturstipend. Stipendet kan søkjast av personar som i yrke eller fritid driv verksemd innan det utvida kulturområdet i Klepp. Stipendet kan delast ut til leiarar i frivillige lag som ønskjer å utvikle seg eller henta inspirasjon.
- 11.2** Stipendet blir lyst ut, etter sommaren og søkerne skal sendast kommunen innan 1. oktober. Det politiske organet som har ansvar for kultursaker avgjer kven som skal få stipend.
- 11.3** Den som søker om kulturstipend skal, utanom å gje opplysningar om vanlege personalia, orientere om føremålet med stipendet, og opplysa om korleis stipendet er tenkt nytta.
- 11.4** Stipendiaten skal, innan 4 veker etter at stipendet er brukt, gje ein skriftleg rapport til hovudutvalet om korleis stipendet er nytta. Stipendet må takast i bruk innan 12 månader etter tildelinga. I særlege høve kan ein søkje om utsetjing.
- 11.5** Dersom stipendet ikkje blir nytta, eller grunnlaget for tildelinga fell bort, kan det politiske organet som har ansvar for kultursaker dra stipendet inn att. Stipendet skal då betalast tilbake til kommunen straks.
- 11.6** Søkjarar som ikkje har mottatt stipend tidlegare vil normalt bli prioriterte foran andre.

12.0 IDRETTSSTIPEND

Klepp kommune kan kvart år dele ut idrettsstipend. Stipendet kan bli gitt både til profesjonelle og amatørar.

12.1 Søkjarar må vera:

- i aldersgruppa 15 -25 år
- utøvande på nasjonalt eller internasjonalt nivå på sitt område.
- Busett eller folkeregister-registrert i Klepp kommune, eller representera eit idrettslag i Klepp.

12.2 a) Stipendiet kan nyttast til utstyr, deltaking i treningssamlingar, konkurransar m.m. som tar sikte på å utvikla søkeren sitt talent, prestasjoner og/eller auka søkeren sin kompetanse innan sin idrett.

b) I søknaden må ein oppgje føremålet med stipendet. Søknaden må begrunnast og trenings-konkurranseopplegget må skisserast konkret.

c) I prinsippet blir det ikkje gitt stipend til grunn- og vidareutdanning, eller til kurs som har forbetra lønnsnivå som føremål.

12.3 Søkjarar som ikkje har mottatt kommunalt stipend tidlegare vil normalt bli prioriterte.

12.4 Stipendet blir lyst ut etter sommaren og søkerne skal sendast kommunen innan 1. oktober. Det politiske organet som har ansvar for kultursaker avgjer kven som skal få stipend.

12.5 a) Mottakar av idrettsstipend skal, innan 4 veker etter at stipendet er brukt, gje ein skriftleg rapport til hovudutvalet om korleis stipendet er nytta.

b) Stipendet må takast i bruk innan 12 månader etter tildelinga. I særlege høve kan ein søkje om utsetjing.

c) Dersom stipendet ikkje blir nytta, eller grunnlaget for tildelinga fell bort, kan det politiske organet som har ansvar for kultursaker dra stipendet inn att. Stipendet skal då straks betalast tilbake til kommunen.

12.6 Klepp Idrettsrådet skal ha høve til å uttale seg om tildeling av idrettstipend før hovudutvalet fattar endeleg vedtak.

13.0 PRIS FOR GOD BYGGJESKIKK

- 13.1** Klepp kommune sin pris for god byggjeskikk kan delast ut kvart år, eller når hovudutval for Lokal utvikling gjer vedtak om slik tildeling.
- 13.2** Føremålet med prisen for god byggjeskikk er å stimulera til utvikling av estetiske kvalitetar i det offentlege rom og god byggeskikk.
- 13.3** Frist for å sende inn grunngjevne forslag på kandidatar er 1. mars.
- 13.4** Prisen kan bli gitt til personar eller institusjonar som eig, eller forvaltar enkelthus eller anlegg.
- 13.5** Ved vurdering av bygningar/bygningsmiljø m.v. skal det leggjast mest vekt på kvalitetar i eksteriøret og på forhold mellom bygg og kringliggjande miljø.
- 13.6** Prisen består av ein plakett og ein diplom. Plaketten blir laga i bronse eller messing slik at den kan monterast utvendig på bygningen. Ordføraren står for prisutdelinga.

14.0 KOMMUNAL PÅSKJØNNING – KULTURPRESTASJONAR

- 14.1** Kommunal påskjønning kan bli gitt til einskildpersonar eller lag som har vunne offisielle norgesmeisterskap, eller har teke medalje i Nordisk, EM, VM eller OL.

Påskjønning gjeld junior (året ein fyller 16), senior og veteranar
Aldersbestemte klassar yngre enn junior kjem ikkje inn under ordninga.

- 14.2** Kommunal påskjønning kan ein gje til einskildpersonar eller lag som har oppnådd anerkjenning for offisielle nasjonale/ internasjonale, allmennkulturelle prestasjonar nasjonalt/ internasjonalt.

- 14.3** Individuelle utøvarar får påskjønning frå den kommunen der deltakaren bur, sjølv om deltakaren representerer eit lag som er registrert i ein annan kommune.

Når eit lag skal ha påskjønning får alle deltagarane påskjønning i den kommunen der laget er registrert.

- 14.4** Dersom det kan vera tvil om ein kulturprestasjon er av ein slik karakter at han bør bli påskjønna, blir saka avgjort av ordføraren og leiaren av hovudutval for lokal utvikling.

- 14.5** Ved årsskifte blir det arrangert eit samkome for å heidra og dele ut dei kommunale påskjønningane.

Kommunen kan og sende blomar straks etter at prestasjonen er utført.